

SAML A – digitalisering av norske tradisjonsarkiv

ETISKE RETNINGSLINJER

Innleiing

Digitaliseringsprosjektet SAML A arbeider med å tilgjengeleggjera innhaldet i tre norske tradisjonsarkiv: Norsk folkeminnesamling ved Institutt for kulturstudier og orientalske språk (IKOS), Universitetet i Oslo, Norsk etnologisk gransking ved Stiftinga Norsk folkemuseum (SNF) og Etnofolkloristisk arkiv ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitskap (AHKR), Universitetet i Bergen. Det digitaliserte innhaldet vil bli publisert i nettportalen samla.no. Prosjektet er finansiert av infrastrukturprogrammet til Norges forskningsråd for perioden 2020–2024.

Dei tre arkiva inneheld samlingar av folkeminneoppskrifter, spørjelistesvar og anna tradisjonsmateriale. Desse viktige kjeldene til folks forestillingsverd og kvardagslege praksisar er resultat av omfattande innsamling som går tilbake til 1830-åra og som pågår framleis. Eit formål med prosjektet er å sikra at det som er samla inn ikkje skal gå tapt. Det andre hovudmålet er å gjera det tilgjengeleg for forskning og for ålmenta. Dette siste inneber i prinsippet at dokumenta blir publisert og gjort søkbare i sin heilskap og med relevante kontekstopplysningar. Men dette kan ikkje gjerast for alle dokument utan atterhald. Det er sterke etiske argument for at det innsamla materialet bør vera tilgjengeleg for alle. Men dette kan koma i konflikt med andre omsyn.

Digitalisering og tilgjengeleggjering forsterkar potensielt ein del etiske problemstillingar, sidan det legg til rette for bruk i langt større omfang enn hittil. I arbeidet med materialet melder det seg ei rekkje spørsmål om kva som er etisk forsvarleg å offentleggjera, av omsyn til verknader dette kan ha for enkeltpersonar, grupper eller samfunnet som heilskap. Det er klart at alt innhaldet i desse arkiva ikkje kan gjerast fritt tilgjengeleg. I dette dokumentet drøftar vi kva prinsipp SAML A skal leggja til grunn for sin publiseringsstrategi: Kva er kriteria for om dei enkelte dokumenta kan gjerast fritt tilgjengeleg, og korleis skal vi handsama materiale som ikkje utan vidare kan offentleggjerast? Vi tar her utgangspunkt dels i anerkjende forskningsetiske retningslinjer, dels i

relevant lovverk og dels i kva som er praksis ved institusjonar som handsamar denne typen materiale.

Statusen til dette dokumentet

Av di digitaliseringa er ein pågåande prosess, og det undervegs vil dukka opp problematisk innhald der det må vurderast om det kan leggjast åpent ut, vil manualen for publisering vera under kontinuerleg revisjon.

Del I: Overordna rammer

Prinsippet om open tilgang

Samla har altså som målsetting å sikra innhaldet i dei tre folkeminnearkiva Norsk Folkeminnesamling, Norsk etnologisk gransking og Etnofolkloristisk arkiv og gjera det tilgjengeleg for forskning og for eit allment publikum. Gjennom digitalisering vil vi ta vare på dette unike kulturhistoriske materialet for framtida og stilla det til disposisjon for fellesskapet. Dette blir gjort etter anerkjende vitenskaplege prinsipp for publisering av kjeldemateriale. På denne måten kan resultata av innsatsen til innsamlarar og informantar gjennom snart to hundre år sikrast for ettertida, samtidig som det innsamla materialet blir ført tilbake til samfunnet, mellom anna til lokalsamfunna der det blei samla inn.

At kulturelle verdier på denne måten kjem folk til gode, er eit overordna etisk omsyn som er forankra både i offentleg politikk og i forskningsetiske retningslinjer. Det er eit berande mål for den statlege kulturpolitikken, slik det har kome fram i kulturmeldingar frå 1990-åra og framover. Vidare har offentleglova som hovudregel at det skal vera tilgang til arkivmateriale hos offentlege myndigheiter. Dette prinsippet er også styrande for vurderingane i Samla. Omgrepet 'arkiv' slik det blir brukt i lova, viser rett nok til det Arkivverket forvaltar, medan det i samband med folkeminnearkiv har betydninga 'samling'. Men også materialet som Samla gjer tilgjengeleg, er del av offentlege institusjonar og bør på lik linje stillast til disposisjon for forskning og allmenn bruk. Ifølgje Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH) har forskarane eit særskilt ansvar for å få fram kunnskap om svakstilte eller marginale samfunnsgrupper (Alver og Øyen 1997: 60). Det gjeld retten til å bli høyrd også for grupper som har ein marginal plass i den offentlege samtalen. I forskningssamanheng er det vidare viktig å gjera tilgjengeleg kjeldemateriale som kan gi andre perspektiv på kulturhistoria og samfunnsutviklinga enn det som er

mest vanleg i historiske og samfunnsvitskaplege studiar. Ein stor del av materialet i dei tre arkiva dreiar seg om folks praksisar og førestillingar i kvardagen, noko som det elles finst lite nedteikna opplysningar om. Slikt materiale vil gje ei røyst til grupper som i liten grad kjem offentleg til orde.

Åndsverk eller kollektive uttrykk

Eit hinder for open tilgang kan vera at andre enn arkivinstitusjonen har rettar knytt til dokumenta. Åndsverklova bestemmer at skaparen av åndsverk har opphavsrett til verket. Spørsmålet for Samla vil først og fremst vera om noko av materialet som prosjektet vil offentleggjera kan oppfattast som åndsverk, dvs. “litterære eller kunstneriske verk av enhver art, som er uttrykk for original og individuell skapende innsats”, som f.eks. tekstar av alle slag (§ 2). I så fall vil offentleggjering krevja samtykke frå den som har opphavsretten. Lova bestemmer også at opphavspersonen (“opphavaren”) har rett til å bli namngitt ved offentleggjering, og at måten verket blir offentleggjort på eller samanhengen det skjer i ikkje skal verka krenkande for opphavaren eller verket (§ 5).

Spørsmål om kva rettar opphavspersonar kan ha i materialet må sjåast i samanheng med innsamlingssituasjonen. Kjernematerialet i Norsk Folkeminnesamling og dels i Etnofolkloristisk arkiv består av det som på 1800- og første del av 1900-talet vart oppfatta som sentrale delar av folkekulturen. Det er blant anna materiale etter sentrale samlarar som Asbjørnsen og Moe, Moltke Moe, Sophus Bugge og Torleiv Hannaas, som ofte stammar frå samlarferder der samlarane har oppsøkt informantar eller meddelarar og skrive ned forteljingane dei fortalde eller song. Segner, eventyr og balladar har sidan blitt klassiske folkeminnesjangrar. Forteljingane vart framført av enkeltindivid og var del av individuelle repertoar, men vart oppfatta som kollektive produkt, som uttrykk for folkets felles kulturproduksjon: Gjennom munnleg tradering var uttrykket forma av kollektivets smak og verdier. Meddelaren var derfor oppfatta som overbringer, ikkje diktar, sjølv om samlarane skilde mellom gode og mindre gode forteljarar og kunne verdsetja dei kunstnarlege evnene som prega framføringa. Materialet var ut frå denne tankegangen *folkeminne*, anonyme verk som ikkje hadde individuelle forfattarar. Innhaldet i innsamlingane kan sjåast som kollektive uttrykk, og deling av repertoara kan sjåast, med ein moderne terminologi, som frivillig kulturvern. Intensjonen med innsamlinga var derfor å samla og verna vitnemål om folkets kultur, ein kollektivt skapt, felles eigedom som høyrde til nasjonen. Det har verdi nettopp fordi det uttrykkjer kollektive

haldningar og verdier. Folkeminneforskarane oppfatta folkedikting (som eventyr, segner osv.) som noko anna enn litteratur (kunstdikting). Slik blei det nok også oppfatta av informantane. At meddelarar også i vår tid opplever at bidraga til tradisjonsarkiva er verdifulle og viktige for samtid og framtid, forskning og dokumentasjon er mellom anna tydeleg i ei undersøking Norsk etnologisk gransking gjorde blant sine meddelarar i 2014 («Hvorfor skriver du for Norsk etnologisk gransking?»). Den viser at også desse samlarane har sett det som si oppgåve å bidra til innsamlinga av ein kollektiv kulturell arv.

Denne typen materiale har derfor ikkje blitt sett som åndsverk som informanten skal ha opphavsrett til. Dette perspektivet ligg også under skiljet mellom kunstdikting (skjønnlitteratur) og folkedikting, som inneber at materialet ikkje er 'verk' i åndsverklovas forstand. Den same forståinga av folkeminnematerialet sin eigenart ser framleis ut til å vera rådande, jf. definisjonen av folkeminne i Nynorskordboka: "åndeleg kultur nedarva i breie lag av folket (til dømes folkedikting, folketru, skikkar)". Den ligg også under institusjonane sin eksisterande praksis ved publisering, f.eks. utgivinga av Norsk Folkeminnelags skrifter. Ut frå dette resonnementet vil Samla sjå på folkeminnemateriale som i prinsippet eigna for *open publisering* (sjølv om det også kan vera dokument av denne typen som må vurderast annleis).

Kriteriet for å skilja mellom folkeminne og åndsverk er knytt til opphavssituasjonen for det aktuelle dokumentet og korleis det vart innlemma i arkivet. Dersom intensjonen ved avleveringa har vore at den som avleverte materialet har opphavsrett til det, vil offentleggjering kreva samtykke, så lenge opphavsretten ikkje har falle bort (den går ut 70 år etter utløpet av opphavspersonens dødsår, jf. åndsverklova § 11). Åndsverklova § 49 tilseier likevel at museum, bibliotek, arkiv og utdanningsinstitusjonar kan gjera åndsverk tilgjengelege for forskning eller særskilte føremål, jamfør Forskrift til åndsverklova.

Omsyn som krev restriksjonar

Det ovanståande vil seia at innhaldet i samlingane skal vera tilgjengeleg for ålmenta, *med mindre* det er omsyn som tilseier at noko bør haldast tilbake. For ein stor del av dette materialet ser vi nettpublisering som uproblematisk. Hovudprinsippet om å gjera materialet tilgjengeleg både for forskning og for ålmenta kan likevel for ein del dokument koma i konflikt med andre omsyn. Prosjektet må derfor vurderer moglege skadeverknader av offentleggjering. Dei ulike

materialtypene, seriane eller samlingane kan krevja ulike vurderingar av kva kriteria som bør gjelda for om det kan publisierast heilt eller delvis, og kva restriksjonar som eventuelt bør leggjast på materialet.

Personvernomsyn

Eitt problemområde gjeld materiale som inneheld personlege minne, der vern av involverte personar sin integritet er påkravd, både med tanke på informantar og indirekte berørte personar som materialet omtalar. Det er eit grunnleggjande forskningsetisk prinsipp at forskinga må ta omsyn til “menneskets integritet, verdighet og krav på råderett over sitt eget liv” (Alver og Øyen 1997:57). Drøftinga av omsynet til vern og korleis slike spørsmål skal løysast tar utgangspunkt i eksisterande lovverk og forskningsetiske retningslinjer (sjå side 12-14 for detaljar).

Minnemateriale i form av NEG sine spørjelister og livsforteljingar, og minneoppgåvene frå UiO, skiljer seg frå folkeminnematerialet ved at det er enkeltpersonar som fortel om sine eigne liv og om indirekte berørte personar. Spørjelistene kan også innehalda meddelarane sine livserfaringar og verdibaserte oppfatningar som kan vera problematisk å publisera, særleg om dei omhandlar sensitive spørsmål. I svar på nyare spørjelister (frå 1970-talet og framover) har meddelarane i større grad enn tidlegare delt eigne erfaringar og opplevingar. Tidlegare svara dei gjerne på spørsmål om korleis fenomenet har vore ein del av livet i bygda eller området som meddelaren melde frå. Dette materialet er samla inn med intensjon om dokumentasjon av samtid og praksisar, ikkje med intensjon om skaping av “litterære eller kunstneriske verk av enhver art, som er uttrykk for original og individuell skapende innsats” (Åndsverklova § 2). Det er altså ikkje åndsverk. Til gjengjeld kan det innehalda informasjon som gjer personvernlova og NESH sine forskningsetiske retningslinjer for deltaking i forskning og informert samtykke aktuelle. Praksis har vore å halda tilbake slikt materiale ved å nytta forvaltningslova sin paragraf om teieplikt i 60 år, eller unnataksvis i opp til 100 år.

Omsyn til samfunnsgruppers omdømme

Særleg relevant for Samla er at offentleggjering av opplysningar om personar eller grupper kan skada omdømme eller sjølvrespekt for personen eller medlemmer av samfunnsgrupper. Det kan også vera visse tema som er omtala i materialet som kan medverka til å stilla personar eller grupper i eit dårleg lys. Det kan vera rasistisk eller andre former for krenkande innhald. Døme på dette kan vera vitsar og vandresegner, materiale som dels er resultat av organiserte innsamlingsaksjonar, bl.a.

frå skuleborn, der innhaldet til liks med folkeminne har karakter av å mangla opphavsperson, sidan det blir fortalt og gjenfortalt på ny og på ny for stadig nye publikum. Det kan likevel vera skadeleg for omdømmet til meddelarar i bli assosiert med forteljingar som er diskriminerande. I slike tilfelle kan personopplysningar som identifiserer informantane fjernast ved publisering av innhaldet. Alternativt kan tilgang til materialet avgrensast, slik at det berre blir gjort tilgjengeleg under visse vilkår, f.eks. at det skal brukast i forskning. Det er i slike tilfelle den enkelte arkivinstitusjonen som gir tilgang etter søknad.

Fotografi

Fotografi er omfatta av eit eige lovverk, og her gjeld det særlege reglar. Det blir skilt mellom fotografi tatt før og etter 30. juni 1995. For alle foto tatt før 1995 gjeld den gamle fotografilova, som sa at dei er verna i 15 år etter fotografens død, men minst 25 år etter at dei vart tatt. For foto tatt etter 1995 blir det skilt mellom fotografiske *verk* og fotografiske *bilde*. Fotografiske verk er definert ved at det er lagt til noko ekstra i bilda, og i praksis vil dette oftast gjelda kunstneriske foto tatt av profesjonelle fotografar. Fotografiske verk gjekk etter dette inn under åndsverklova, og dei fekk dermed vern i 70 år etter fotografens død. Dette gjeld også fotografiske verk som hadde falle i det fri etter fotografilova, men der det ikkje var gått 70 år etter fotografens død. For fotografiske *bilde* gjeld no både regelen om vern fram til minst 15 år etter fotografens død og minst 50 år etter at fotografiet vart tatt.

Dei aller fleste fotografia i Samla føreset vi er fotografiske bilde, ikkje verk. Dette blir vurdert for kvart foto, slik at vern av fotografia blir rett etter lovgivinga. Kulturrådets rettleiar *Fotojuss for arkiv, bibliotek og museum* (red. Per Olav Torgensskar, 2012: 27-28) er til hjelp her (<https://www.kulturradet.no/vis-publikasjon/-/fotojuss-for-arkiv-bibliotek-og-museum>).

For fotografi gjeld vidare spørsmålet om det er menneske eller ikkje på bilda. Åndsverklova § 104 seier at personbilde ikkje skal publiserast utan samtykke av den som det er bilde av. Dette gjeld i heile personen si levetid og 15 år etter dødsår. Unnatak for dette som er relevant for Samla er når: “a. avbildningen har aktuell og allmenn interesse, b. avbildningen av personen er mindre viktig enn hovedinnholdet i bildet, c. bildet gjengir forsamlinger, folketog i friluft eller forhold eller hendelser som har allmenn interesse”. Åndsverkslova finst her: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-15-40>.

Del II: Retningslinjer for handsaming av problematiske dokument

Kategorisering av tilgangsgrad

SAMLAs opererer med følgjande gradar av tilgang til dei digitaliserte dokumenta:

1. Open publisering
2. Open publisering med informasjon om konteksten dokumentet vart til innafor
3. Open publisering utan namn/identifiserande informasjon på meddelar/forteljar/relevant person/bipersonar
4. Berre tilgang til metadata/informasjon om at materialet finst. Tilgang til innhaldet etter søknad/avtale med eigarinstitusjon.
5. Berre overordna tilgang til at materiale finst. Ikkje/lite metadata er offentleg. Tilgang til materiale etter søknad/avtale med eigarinstitusjon.
6. Ingen tilgang, med tidsavgrensa klausul (i år, årstal, etter at forteljar er død eller tilsvarande. Maks tidsavgrensing vil etter forvaltingslova vere 100 år).
7. Ingen tilgang, med klausul utan tidsavgrensing. Slike klausular har ikkje Samla høve til å akseptere eller legge på materiale.

Nærmare om former for skjerming:

Sperrefrist

Som nemnt kan det vera etisk uforsvarleg å offentleggjera materiale som inneheld personopplysningar som kan skada meddelaren eller andre involverte. Som generell regel vil SAMLAs praktisera ein sperrefrist for slikt materiale, slik at dokument som er yngre enn 60 år ikkje blir allment tilgjengeleg. Tilgang til innhaldet i slike dokument vil krevja løyve frå eigarinstitusjonen i kvart tilfelle. Dokument som er eldre kan leggjast ut i nettportalen, dersom det ikkje er særlege grunnar til å halda slike dokument tilbake.

Regelen om sperrefrist er forankra i *Forvaltningslova*, som i § 13 pålegg tilsette i offentlege organ teieplikt om opplysningar som er gitt det offentlege under regel om teieplikt. Det same gjeld om det aktuelle prosjektet er støtta av offentleg organ. Store delar av materialet i Samla høyrer til statlege institusjonar, og er altså underlagt forvaltningslova. Sperrefrist er særleg aktuelt for minnemateriale og spørjelistesvar og tilsvarande. Teieplikta fell bort etter 60 år dersom ikkje anna er avtala (§ 13c). Ei slik teieplikt står ikkje i vegen for bruk av nyare materiale til forskning, under visse føresetnader

om at forskaren viser aktsemd. Arkivlova følger Forvaltingslova der det er relevant, mellom anna på dette punktet. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10>.

Samtykke

Dokument som er problematiske av personvernomsyn kan likevel publiserast dersom meddelaren har gitt samtykke til det. Dei siste tiåra har eit ideal om “frivillig, informert og utvetydig samtykke” som “bør være dokumenterbart” vakse fram innanfor forskningsetikken når det gjeld innsamling av forteljingar av og om personar (NESH 2021:17. Sjå også personvernforordninga artikkel 4 nr 11 og artikkel 7 nr 1 om juridisk samtykke). NESH sine retningslinjer fungerer også styrande for Samla, ikkje minst gjennom at NEG, NFS og EFA høyrer til institusjonar som driv med forskning og eit hovudformål med Samla-prosjektet er å etablere eit forskingsarkiv. For nyare materiale er krav om samtykke normalt tatt omsyn til, og SAML A vil halda seg til avtalane som er gjort med meddelarar/informantar. Det kan vera aktuelt å kontakta meddelarar eller etterkommarar for samtykke i visse tilfelle der dette er uklart, der det manglar eller det er ønskjeleg med ei meir omfattande tilgjengeleggjering enn det gitte samtykket gjeld for.

NESH sine forskningsetiske retningslinjer opnar for å vurdere i kva grad samtykke er naudsynt, og nemner fire faktorar som spesielt relevante: “ytringens offentlighet og kontekst, informasjonens sensitivitet, de berørtes sårbarhet og forskningens interaksjon og konsekvenser” (NESH 2021:20). Retningslinjene er laga med særleg tanke på nyinnsamling. Nokre av desse punkta kan likevel vera relevante i vurderinga av om allereie innsamla materiale bør offentleggjerast, sjølv om det av ulike årsaker ikkje finst samtykke.

Kontekstualisering

Berørte personar treng ikkje vera berre informantar, nære slektningar eller omtalte personar, det kan også vera medlemmer av grupper som er omtalt i materialet. Innhald som kan verka krenkande for samfunnsgrupper kan gi grunn til å vera restriktiv med publisering.

På den andre sida kan det ha problematiske konsekvensar halda tilbake materiale fordi det er sensitivt. Det er ei fare for at det som blir sett som sensitivt og dermed gjort mindre tilgjengeleg kan vera med på å forsterke førestillinga om at fenomenet ikkje finst. Ein del tema som blir oppfatta som sensitive blir gjerne knytt til kvinnesfæren, til kropp og seksualitet eller til sårbare posisjonar. Andre døme kan vera samlingar med jødevitsar og biafravitsar, eller andre former for omtale av

grupper og hendingar. Ved å la slike tema bli haldne utanfor er det fare for at visse grupper eller tema blir systematisk ekskludert. Det som er tilgjengeleg kan gje inntrykk av tilsynelatande koherens, ein idé om EI samanhengande historie, som gjer det vanskeleg å sjå hol og stemmer som manglar. Også av den grunn bør vi vera restriktive med å halda tilbake materiale.

Materiale som dette kan ha høg kjeldeverdi gjennom at det seier noko om kva tema som har vore på dagsorden, korleis kategoriar av menneske og aktivitetar har blitt rangert i samfunnet og korleis kvardagslege relasjonar mellom menneske og grupper har vore prega av symbolsk makt. Det er også eit viktig etisk omsyn å gjera kjelder til denne sida av historia tilgjengeleg, og generelt må publisering av kjelder sjølvstøtt halda ein vitenskapleg standard i form av trufast attgjeving av innhaldet slik det er i originalmaterialet.

Dette inneber at Samla vil gi høve til å søkja opp ord og omgrep i det publiserte materialet som ikkje lenger er akseptable i bruk. Det er viktig å kunne forska på endring i språkbruk, og om det ikkje er høve til å søkja på visse ord kan resultatet bli skeivt. Det er heller ikkje ønskjeleg å skjønne måla det som har vore.

Kva som kan forståast som sensitivt endrast over tid og på tvers av område, mellom anna i språkbruk, tonen i materialet, uttrykka nytta, og verdiladde ord og omgrep. Det vil også variera mellom individ og grupper. Ved publisering av slike former for innhald vil SAMLA kombinera det med leserettleiingar som forklarar kva kulturell kontekst materialet blei skapt innafor, og kvifor vi har valt å publisera det. Dette handlar også om å førebu brukarar av materiale som kan identifisera seg med innhaldet, til dømes gjennom at brukaren har tilhøyrse til etniske eller seksuelle minoritetar som i dokumenta blir omtala frå eit majoritetsperspektiv og som kan oppleve det som krenkande. Det vil vera naudsynt å følgja med på korleis desse samlingane blir brukt for å samla erfaring og eventuelt gjera justeringar i leserettleiingane og graden av tilgang.

Aidentifisering

Det kan vera aktuelt å unnta visse metadata (f.eks. om opphavspersonar) frå publisering. Det kan f.eks. gjelda materiale frå masseinnsamlingar av vitsar fortalt av skulebarn.

Tilgang etter søknad

Materialet blir ikkje publisert, men gjort tilgjengeleg etter søknad, der søkjaren grunngir sitt behov for tilgang. Forskarar kan altså få tilgang på visse vilkår, slik personregisterlova bestemmer. I så fall blir materialet frigitt til søkjaren etter avtale med arkiveigaren, altså NFS, NEG eller EFA.

Spørsmålet om dei tekniske sidene ved denne løysinga står foreløpig att å avklara.

Oppsummert: SAMLA vil skilja mellom minnemateriale som er eldre enn 60 år og det som er yngre. Det eldre kan i utgangspunktet leggest ut ope. For det som er yngre må det vurderast om det ut frå innhaldet bør haldast tilbake, bl.a. av personvernomsyn. Også for eldre dokument kan det vera nødvendig å vurdere innhaldet ut frå etiske omsyn. Det kan vere skildringar, namn eller andre former for opplysningar som ikkje bør gjerast fritt tilgjengeleg. Vidare kan yngre materiale ha innhald som gjer det eigna for offentleggjering, og der det er mogleg å tilfredsstille personvernlova sine krav om vern av personleg informasjon. Motivasjon og føremål med innsending av materiale til arkivet spelar også inn, jf. punktet om åndsverk eller kollektive uttrykk.

Der sterke omsyn talar mot open publisering, kan samtykke frå meddelaren likevel tillata tilgjengeleggjering. I andre tilfelle kan materiale det er tvil om (f.eks. pga krenkande innhald) publiserast saman med følgjetekstar som kontekstualiserer innhaldet. For det tredje kan dokument gjerast delvis tilgjengelege ved at meddelarane blir avidentifiserte (avgrensa publisering av metadata). Endeleg kan innhald ha avgrensa tilgang, og berre vera tilgjengeleg etter søknad. Sjå oversikta over kategoriane for tilgangsgrad side 7.


Klausulerte dokument

Noko av materialet kan ha gamle *klausular* og lovnader knytt til seg. Eit spørsmål er i kva grad desse er bindande for Samla og institusjonane i dag. Eit døme på ein slik klausul er knytt til Christie-samlinga. På dette har Torleiv Hannaas skrive: "Fengje av W.H. Christie 21. mai 1924. Skal ikkje kome ut or Bergen" (EFA Christie 1). I slike tilfelle treng ikkje Samla bryta klausulen. Det fysiske materialet vil halda fram med å vera i Bergen. Dersom føremålet var at det ikkje skulle flyttast andre stader og slik gå tapt for brukarar av materialet i Bergen, styrkar berre Samla dette føremålet.


Ved andre tilfelle kan samlingar vera på langvarig utlån til institusjonane. Her foreslår vi å følgje Arkivlova som tilseier at deponerte samlingar og arkivmateriale etter 100 år får eigarskapen overført til arkivet (§16 i gjeldande Arkivlov).

Del III: Tillegg

A. Flytskjema for vurdering av publiseringsgrad for tekstdokument



B. Flytskjema for vurdering av publiseringsgrad for bilde- og lyd dokument



Skjemaene A og B føreset at materialet ikkje er underlagt klausular om restriksjonar på publisering.

C. Retningslinjer og lovverk som ligg til grunn for denne manualen

“Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap og humaniora”, utarbeidd av Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH) er ei oppsummering og konkretisering av forskningsetiske normer som er anerkjende av forskarsamfunnet. Retningslinjene gjeld også anna forskingsbasert verksemd enn forskning, som tilgjengeleggjering av forskingsmateriale. Dei er derfor eit naturleg utgangspunkt for Samla-prosjektet.

Dei første forskningsetiske retningslinjene frå NESH kom i 1993, og vart sist reviderte hausten 2021. Her blir det ikkje berre lagt vekt på personvern, men også at bevaring og tilgjengeleggjering av forskingsmateriale er positivt, og at avveging av dei to omsyna utgjer eit dilemma. Vidare står prinsippet om samtykke til publisering sterkt ved nyinnsamling.

Retningslinjene er tilgjengelege her: <https://www.forskningsetikk.no/retningslinjer/hum-sam/forskningsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-og-humaniora/>

I tillegg er innsamling og arkivering av personopplysningar regulert av ei rekke lover. Materiale i SAMLA som inneheld personopplysningar, slik som minnematerialet i NFS, der folk fortel om sine eigne liv, og NEG sine spørjelister, der informantane svarer på spørsmål ut frå sine eigne erfaringar, må altså handsamast med utgangspunkt i både personvernlovgeving og forskingsetiske retningslinjer. Lokalhistorisk institutt ved Nasjonalbiblioteket har laga ein rettleiar for brukarane av lokalhistoriewiki som kan vera til hjelp også for Samla sine medarbeidarar og brukarar:

https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Lokalhistoriewiki:Etiske_retningslinjer

Arkivlova av 1999, sist revidert 20.12. 2022, slår fast at «Føremålet med denne lova er å tryggja arkiv som har monaleg kulturelt eller forskingsmessig verdi eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon, slik at desse kan verta tekne vare på og gjorde tilgjengelege for ettertida.» Den definerer 'arkiv', slik arkivverket gjer det, som «dokument som vert til som lekk i ei verksemd». <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-12-04-126>. Intensjonen i lova er likevel relevant for SAMLA sitt materiale.

Samla-prosjektet inneber oppretting av digitale personregister, som er regulert av *personopplysningslova*, som handlar om systematisering av personopplysningar. Lova forbyr dette, men opnar for unntak i §3: "Så langt det er nødvendig for utøvelsen av retten til ytrings- og informasjonsfrihet, gjelder ikke [personvernforordningen](#) og loven her ved behandling av personopplysninger for journalistiske formål eller med henblikk på akademiske, kunstneriske eller litterære ytringer." Lova vart endra i 2018 og tilpassa GDPR.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-15-38>.

Personvernforordninga viser til *GDPR (General Data Protection Regulation)*, som omfattar levande personar, og i korte trekk omhandlar behov for samtykke. Det inneber at det som kan reknast som personopplysningar frå personar som har gått bort, likevel kan inngå i vurderingar av om det er behov for skjerming av levande personar eller grupper av menneske.

https://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/?uri=uriserv%3AOJ.L_.2016.119.01.0001.01.ENG&toc=OJ%3AL%3A2016%3A119%3ATOC

Samla har hovudsete ved Universitetet i Bergen, og relevante retningslinjer for universitetet om personvern finst her: <https://www.uib.no/personvern>

Innanfor museumssektoren er *ICOM sine retningslinjer* rådande. Dei handlar gjerne om samlingar av fysiske gjenstandar, men mange av prinsippa om å samle inn, ta vare på og gjere tilgjengeleg kulturhistorisk materiale reflekterer også arbeidet hos oss. <http://norski.com.no/det-etiske-regleverk/>.

UNESCO-konvensjonen om vern av immateriell kulturarv spelar også inn som motivasjon for arbeidet med Samla og føremålet med denne forma for samling og formidling. Store delar av NEG sitt materiale og kjernesamlingane i NFS har fått plass på Norges dokumentarv, som er ei liste innanfor UNESCO-systemet (<https://www.kulturradet.no/norges-dokumentary>).

Revidert november 2023